



## Notat

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Til:** Fylkesutvalet

**Kopi:** Hovudutval for næring og kultur

### Retningslinjer for gjennomføring av undersøkingsplikta og budsjettering av arkeologiske registreringar

Klima- og miljødepartementet har fastsett nærare felles reglar for gjennomføring og budsjettering av arkeologiske registreringar i medhald av kulturminnelova, jf vedlegg. Dei nye retningslinjer vil tre i kraft frå 1.januar 2016.

Retningslinjene tydeleggjer kostnadselement som inngår i arkeologiske registreringar og som skal dekkast av tiltakshavar. Dei gjev også ei avklaring på kva for oppgåver som er å rekne som sakshandsaming og som fylkeskommunane ikkje kan ta seg betalt for. Det vert skilt mellom kortvarige og langvarige registreringar.

For kortvarige registreringar inntil 75 dagsverk skal det budsjetterast med ein felles fast timepris. Denne er for 2015 fastsett til kr. 750 for feltarbeid utan overnatting og kr. 1000 for feltarbeid med overnatting. Det skal då ikkje fakturerast for utgifter til reise, kost og losji.

Ved langvarige registreringar (over 75 timer) skal det budsjetterast med reelt lønnsnivå og naudsynte utgifter til reise, kost og losji. Det er fastsett ein fast sats for berekning av indirekte kostnader som utgjer inntil 60 % av brutto lønnsutgifter ( lønskostnader + sosiale utgifter).

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag ein timepris for arkeologiske registreringar på kr. 700. Denne timeprisen skal dekke reelt lønnsnivå inkludert administrative kostnader. Utgifter til reise, kost og losji vert fakturert særskilt.

Dei nye retningslinjene vil truleg få liten innverknad på Sogn og Fjordane fylkeskommune sine kostnader til arkeologiske registreringar. Omlag 60-70 % av registreringane høyrer inn under kategorien kortvarige registreringar. For desse registreringane vil inntektssida kunne auke noko, avhengig av utgiftsnivået knytt til reisekostnadane. For dei langvarige registreringane vil kostnadsbiletet bli omlag slik det er i dag.

Kommunane vert orientert om dei nye retningslinjene gjennom eige skriv.